

## Jula er også for nissar og dvergar

Frank Juliussen svarte 21.12. på innlegget mitt, men eg meiner vel framleis at ein blandar korta når ein prøver å gjere nissar om til demonar for så i neste omgang å skylde på ein antikrist som står bak det heile.

Sjølv om Juliussen siterer flittig frå Bibelen og andre stader, handlar det vel først og fremst om tru. Ein kan velje å tru på nissar og demonar, ein kan velje å tru på nissar som demonar, og ein kan velje å la vere å tru på at nissar og demonar finst i det heile. Teksten frå 1555 som Juliussen siterer, der det står at nissen var eit utbreitt fenomen då kristendommen kom til Danmark, og at mange prestar føretok utdrivingar og nedmaningar, er for så vidt kulturhistorisk interessant, men har nok ikkje nokon større verdi enn om Margit Sandemo eller Märtha Louise fortel at englar eller andre gode hjelparar er eit utbreitt fenomen. Tru, håp og kjærleik handlar som regel mest om kva ein sjølv vel å forhalde seg til. Men dette er ein type teologisk og filosofisk diskusjon som fjernar seg frå det som var mitt poeng i utgangspunktet.

Eg er først og fremst språkvtar, og det er ordet «nisse» eg ønskte å kommentere, ikkje nødvendigvis om nissar eller demonar finst eller ikkje. Det får den enkelte bestemme for seg sjølv. Sjølv om det er andre ting ved Juliussen sitt perspektiv som eg finn problematisk å ta stilling til, er det den direkte koplinga mellom ordet eller termen «nisse» eg ønskte å diskutere. Ordet «nisse» kjem av Nils som er ei kortform av Nikolaus, som i den kristne tradisjonen blir sett på som ein heilag person. Dette er truleg grunnen til at ein etter kvart valde å bruke eit slikt kristent namn på den eller dei som ein trudde budde på eller vakta garden. Innføringa av kristendommen førde til at mange gamle fenomen, namn og tradisjonar blei endra eller tilpassa.

Dette skjedde også med den tradisjonelle julefeiringa. Der har Juliussen rett. Historia med «nissen» som Juliussen bruker, handlar om ein stein på Gilje på Island

# Gards- og slektshist

Vi vil ynskje heidølane til lykke med at fyrstebandet av gards- og slektshistoria er kome ut.

Her har de fått eit godt, grundig og verdifullt stykkje kulturhistorisk arbeid.

Stor ære til forfattar Arnfinn Engen, og ikkje minst til boknemnda; Steinar Lønesløkken, Pål Prestgard, Ola K. Randen, Kai Kveum og medhjelpar Gunnvor Tofte. Den som sjølv ikkje har arbeidd med slik registrering, veit knapt kor mykje og møysommeleg arbeid som må til for at eit slik verk kan offentliggjeras. Når ein samstundes veit at dette er eit ulønna og til dels ueigennyttig arbeid, må det verdsetjast at enkeltpersonar tek slikt initiativ.

Det er heller ikkje fyrste gongen at slikt skjer i Heidal, jmf. bokutgjevnad 2007: «Ysta ost og kinna smør». Dette vitnar om lokal stoltheit, samkjensle og kulturansvar. Nå er det berre å vente på neste bind så er verket «heilt». Dette er eit registreringsarbeid som vil koma mange til glede, til hjelp og til nytte, – ikkje minst for alle som har slektsband til Heidal, både nåverande og komande generasjonar på leit etter sitt opphav!

Eit kinesisk ordtak til slutt: Å gløyme sine forfedrar er å vera ein bekk utan kjelde, eit tre utan rot!

Paul Odd Brun

Gudbrandsdal slektshistorielag  
avd. N-Gudbrandsdal



SKRYT: Arnfinn Engen har forfattet er av dei som får skryt for arbeide

der bonden Kodran trudde «årmanen» hans budde - der står det ingenting om nokon «nisse». I ei dansk omsetjing bruker ein ordet «skyttsånd». Kristni saga handlar elles om korleis ein prøvde å innføre kristendommen på Island, og vi veit alle at ein tok i bruk både det eine og det andre middelet for å få det til.

Ein ville nok ha hatt mykje større problem med å innføre kristendommen som ein statsreligion dersom ein ikkje hadde valt å tilpasse det nye til det gamle. Kristendommen kom til Noreg og fortrengde dei gamle gudane og også dei såkalla underjordiske vesena. Burde ikkje Juliussen vere nøgd med det? Og kva gjer det om ein feirar ein bursdag ein annan dag enn på sjølv dagen? Dei fleste av oss har då vel valt å leggje feiringa av eigen bursdag eller ungane sine bursdagar til ei passande helg eller andre fridagar på grunn av praktiske omsyn. Poenget må då vere innhaldet og ikkje forma.

Dersom ein vil vere bokstavtru som Juliussen, blir det viktigare med ord og ritual enn med innhaldet. Ønsker ein å feire at Jesus blei fødd, spelar det vel eigentleg ikkje noka rolle når ein gjer det?

Tek ein på seg ei såkalla nisselue, tyder det ikkje at ein verken representerer, feirar eller trur på ein antikrist. Dei som utelukkande vel å feire jul for å ha det hyggeleg saman med familie og venner, og eventuelt for å nyte eit lite avbrekk i mørketida, identifiserer seg nok heller ikkje med det biletet som Juliussen prøver å teikne. Julefeiringa har fått ei viss form, men det er opp til den enkelte å fylle forma med innhald - og då er det ikkje nisselua som er utfordringa. Med dette vil eg ønskje god jul til alle - uansett tru eller legning.

Jens Haugan

Førsteamanuensis i norsk  
Høgskolen i Hedmark

## Nynorsk til førsteklasingar

Tidlegare møte med nynorsk gjennom høgtlesing og lydbøker vil styrkje elevane sin kunnskap i norsk. Elevane i barneskulen bør møte begge dei norske målformene alt frå første klasse.

Dette er særleg aktuelt no, i samband med at Forum for norskfaget

i oktober la fram ein delrapport om det framtidige norskfaget i skulen.

Dei som har bokmål som opplæringsmål, har stor nytte av å høyre også nynorsk gjennom høgtlesing og lydbøker. På den måten møter dei nynorsk i ein alder då dei enno har lite fordormar og stor evne til å lære språk.

Stortingsmeldingane Mål og meining og Språk bygger broer, peikar bae på at det er nødvendig å styrkje kompetansen i nynorsk i samfunnet. Forum for norskfaget nemner spesifikt «tidleg start» som ein måte å styrkje sidemålsopplæringa. Dersom regjeringa ønskjer det, er det fullt mogleg å innføre «tidleg start» i samband med at læreplanane skal reviderast.

I dag skal elevane møte tekstar på både bokmål og nynorsk seinast i 4. årstrinn. Eit kompetansemål i læreplanen er at eleven etter 4. trinn skal kunne «samtale om et utvalg sanger, regler, dikt, fortellinger og eventyr fra fortid og nåtid på bokmål, nynorsk og i oversettelse fra samisk og andre kulturer». Vi er usikre på i kva grad skulane følgjer dette punktet i læreplanen, særleg skular i område

Det er nedslående å få bekreftet at nedlegging av kontorer i distriktene og økt sen  
utslag i bedre kvalitet og økte ressurser til sakbehandling